

Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/5430 - 22/94466

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
12.12.2022

## **Førerels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 70/1 m.fl. Feste nordre**

Tiltak: Arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr 70/1 m.fl.  
Tiltakshavar: Vestland fylkeskommune

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.06.2021.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Mottekena søknad om dispensasjon er uklar for oss. Arealet som vert søkt overført til offentleg veg er uregulert og sett av til følgjande formål i kommunedelplan for Lindås: Parkering og LNF. Det må søkjast om dispensasjon frå desse formåla. Søknad om dispensasjon må vera godt grunngjeven. Informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#) og i vedlagte dokument. I tillegg til dispensasjon frå ovannde to arealformål må det søkjast om dispensasjon frå byggje- og delegrense mot sjø.
2. Det må søkjast om dispensasjon frå krav om at areal sett av til samferdselsanlegg skal inngå i reguleringsplan før det kan gjevest løyve til mellom anna arealoverføring. Punkt 2.2 i kommunedelplan for Lindås.
3. Då det ikkje er sendt inn krav om matrikulering må slikt krav sendast inn dersom det vert gjeve løyve til arealoverføring som omsøkt. Med slikt krav må det også leggjast ved dokumentasjon på innmåling og protokoll frå forretninga.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.01.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysingane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

**Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og bygesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN